



Innkalling av Alver kommunestyre

Møtedato: 23.11.2023
Møtestad: Helsehusest, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl.09:00 - 10:00 opplæring
Kl.10:00 Spørjetime/møtestart

Sakliste

Saknr	Tittel
187/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
188/23	Godkjenning av møteprotokoll
189/23	Melding frå kontrollutvalet
190/23	Forvaltningsrevisjon barnevern
191/23	Temaplan vatn og avløp 2023-2033 UOFF
192/23	Innkjøp av redningsbåt - Nordhordland brann og redning (NHBR)
193/23	Økonomisk rapport per 2. tertial 2023
194/23	Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar
195/23	Plansak Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune – framlegg til endeleg vedtak planprogram
196/23	Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen
197/23	Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - vedtak av arealplan
198/23	Vedtak av planprogram for kommunedelplan for naturmangfald
199/23	Sal av Dale Grendahus gbnr 472/6
200/23	Veglysnorm for Alver kommune
201/23	Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2025 - 2028
202/23	Samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellestråd og Alver kommune
203/23	Søknad om fritak frå politiske verv
204/23	Melding/orientering til kommunestyret 23.11.2023
205/23	Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 23.11.2023

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
187/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
188/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

16.11.2023 Protokoll - Alver kommunestyre - 02.11.2023

2020066

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
189/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Melding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Vedlegg i saken:

25.09.2023	Møteutskrift 37/23 Overføringsdokument og sluttevaluering – innspel til nytt kontrollutval	1995615
25.09.2023	Overføringsdokument nytt kontrollutval_Alver 2023	1995616
25.09.2023	2023 09 19 Møteutskrift sak 37_23 Alver kontrollutval	1995617
18.10.2023	2023 10 17 Protokoll - Alver kontrollutval	2006774

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-217, FA-F47
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
190/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Forvaltningsrevisjon barnevern

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023 til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten og ber kommunedirektøren om å følgja opp desse:
 - a. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast.
 - b. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.
 - c. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.
 - d. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som ør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.
 - e. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.
 - f. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.
 - g. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.
3. Kommunestyret vil, etter revisor og kontrollutvalet si tilråding, setja kommunestyret si rolle ovanfor barnevernet på saklista i seinare møte.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til første kontrollutvalsmøte i 2024.
5. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av

tilrådingane innan utgangen av fjerde kvartal 2024.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Sjå vedlegg.

Vedlegg i saken:

18.10.2023	2023 10 17 Møteutskrift_sak_4323_Forvaltningsrevisjon barnevern	2006789
18.10.2023	2023-10-10 Rapport frå forvaltningsrevisjon av Barnevernet i Alver kommune	2006790

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-601
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/23	Alver formannskap	09.11.2023
192/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Innkjøp av redningsbåt - Nordhordland brann og redning (NHBR)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning i 2023.
- Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjær og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 092/23 innstilling:

- Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning i 2023.
- Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjær og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- I denne saka skal kommunestyret vedta å sette av ei økonomisk ramme for innkjøp av ein ny redningsbåt for Nordhordland brann og redning (NHBR).

Saksutgreiing

Bakgrunn

Nordhordland brann og redning (NHBR) har to redningsbåtar som er ein del av den totale beredskapen innafor ansvarsområdet til NHBR. Den eine båten ligg i Isdalstø og den andre ligg ved kai på Mastrevik i Austrheim. Båten i Austrheim dekker dei nordlege områda i brannsamarbeidet. Den 23. juli i år begynte båten på Mastrevik å ta inn vatn då den låg ved kai, og det gjekk ikkje lang tid før båten låg under vatn. Årsaka til hendinga er framleis ukjend. Båten blei tatt på land og undersøkt av takstmann frå forsikringsselskap, og konklusjonen var at båt, motor og utstyr om bord er kondemnert.

Beredskap

Redningsbåtene har ein sentral rolle i beredskapen til NHBR. Båten på Mastrevik dekker Fensfjorden frå Askeland og Stall, Mongstad-området, Austrheim, nordlege Radøy og sørover mot Lindås/Lygra. Båten blir til dømes brukt til søk- og redningsoppdrag, brannar i område som krev båt, frakting av utstyr, forureining i sjø og transportmiddel til helseoppdrag på hytter og holmar.

Kommunane har ansvar for beredskap til sjøs jmf. brann og eksplosjonsvernloven § 11g. *«etter anmodning yte innsats ved brann og ulykker i sjøområder innenfor eller utenfor den norske territorialgrensen»*. Plikta er generell og gjeld alle brannvesen med kystlinje. I tillegg er det beskrive følgjande i brannordninga for NHBR; *«Brannsam arbeidet skal til ei kvar tid ha utstyr til bruk på sjø, som svarar til den risiko og det ansvar kommunane/brannsam arbeidet har i desse områda»*.

Vurdering

Etter at redningsbåten på Mastrevik blei kondemnert, har NHBR funne ei mellombels løysing for å sikre beredskapen. Det er inngått eit samarbeid med ein privat aktør, men dette vil ikkje vere ei fullgod og forsvareg løysing når vinteren kjem. Det vil heller ikkje vere tilstrekkeleg å ha berre ein båt lokalisert i Isdalstø. Det vil gi for lang responstid, og det vil utfordre beredskapen i sør om denne båten blir brukt i dei nordlege områda.

For å tilfredsstille lovkrav, beredskap, HMS, tryggleik og krav til utstyr og funksjonalitet, er det behov for å få på plass ei snarleg løysing med ein ny redningsbåt på Mastrevik. Kravet til ny båt er basert på ei behovsanalyse, der området og arealet båten skal dekkja har stor betydning.

Redningsbåten i nordområdet har eit stort aksjonsområde. Skal desse områda dekkast innan rimeleg tid (30 min), må ny båt ha ein marsjfart på minimum 30 knop og skrog som toler røff sjø. Båten bør ikkje overstiga 8 meter lengde, då dette vil utløyse D6-sertifikat som medfører betydeleg kostnad. Ny båt må støtte kravet til sikker drift i forhold til nattoperasjonar, manøvrering, bølger (skrogtype), overbygg, frakt av personell/utstyr og generell tryggleik. I tillegg må båten vere utrusta med digitale hjelpemiddel slik at disse operasjonane er mogleg å gjennomføra på ein trygg måte. Båten må også være rigga for å kunne aksjonere ved utslipp av petroleumsprodukter (td lenser).

Store deler av operasjonsområdet til båten er overvaka av Fedje VTS. Ved ulykker med skip/båtar vert NHBR ofte varsla på eit tidleg tidspunkt, noko som gjer denne båten til ein viktig ressurs ved ulykker i dette området.

Det er skissert ei kostnadsramme på kr 2 mill for innkjøp av ny redningsbåt. Ein ny redningsbåt blir finansiert gjennom brannsam arbeidet, der alle kommunane dekker sin del av renter og avdrag på investeringa. Dette er i tråd med samarbeidsavtalen for brannsam arbeidet.

Tilråding

Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning. Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjær og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-151, FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
095/23	Alver formannskap	09.11.2023
193/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Økonomisk rapport per 2. tertial 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2023 til orientering.
2. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd for 2023 vert auka med 280 000 krl.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2023 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenestoområdene (1B). Kommunestyret vedtek bevilgningsskjema og endringar slik det framgår av skjema § 5-4, § 5-6 og § 5-5 i 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar løpande gjennom 2023. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt, og at utgifter og inntekter er i balanse.
5. Det vert føretatt budsjettjusteringar knytt til investering for 2023 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B). I sum vert investeringsutgiftene redusert med 74,2 mill. kr frå 477,7 mill. kr til 403,5 mill. kr
Endring i finansiering:
 1. Bruk av lånemidlar og andre finansieringsinntekter vert redusert med 70,2 mill. kr.
 2. Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 2,8 mill. kr.
 3. Bruk av disposisjons-fond/overføring frå drift vert redusert med 4,0 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 095/23 innstilling:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2023 til orientering.
2. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd for 2023 vert auka med 280 000 krl.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2023 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenestoområdene (1B). Kommunestyret vedtek bevilgningsskjema og endringar slik det framgår av skjema § 5-4, § 5-6 og § 5-5 i 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar løpande gjennom 2023. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt, og at utgifter og inntekter er i balanse.
5. Det vert føretatt budsjettjusteringar knytt til investering for 2023 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B). I sum vert investeringsutgiftene redusert med 74,2 mill. kr frå 477,7 mill. kr til 403,5 mill. kr

Endring i finansiering:

1. Bruk av lånemidler og andre finansieringsinntekter vert redusert med 70,2 mill. kr.
 2. Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 2,8 mill. kr.
 3. Bruk av disposisjons-fond/overføring frå drift vert redusert med 4,0 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke: https://pub.framsikt.net/2023/alver/mr-202308-rapport_per_2t-2023/

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
A10, FE-223, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/23	Utval for Levekår	07.11.2023
089/23	Alver formannskap	09.11.2023
194/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt i samsvar med kommunedirektøren si tilråding.

Utval for Levekår 07.11.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland- fagansvarleg Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE- 002/23 utfale:

Ingen merknader.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedtek.

FO- 089/23 innstilling:

Framlegg til retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt i samsvar med kommunedirektøren si tilråding.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for levekår og formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Saka er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret 15.08.2023 om innføring av tre teljetidspunkt.

I vedtaket står det:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12. Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage.

Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet Kommunestyret ber om å få oversikt over dei økonomiske konsekvensane endringa får for dei private barnehagane eit år etter innføring.

Denne saka omhandlar framlegg til lokal retningsline for tilskot til private barnehagar.

Saksopplysningar

Kommunestyret i Alver vedtok 15.08.2023 innføring av tre teljetidspunkt for barnehagar frå januar 2023. Det er på bakgrunn av vedtaket no utarbeida framlegg til lokal retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane.

Framlegget vart sendt på høyring 13. september 2023 med frist for innspel 26. oktober 2023. Høyringa vart sendt alle barnehagane i Alver samt dei tilsette sine organisasjonar.

Tilskotsordninga vert forvalta med heimel i Lov om barnehage §19 *Kommunalt tilskot til godkjente private barnehagar*, jf. §14 om godkjenning og *Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar*.

Vurderingsgrunnlag

Alver kommune har tre teljetidspunkt frå og med 1. januar 2024. Teljetidspunkta er 01.03, 01.09 og 15.12.

Frå Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, § 12. Rapportering av barn i private barnehager: *«Kommunen skal bruke de private barnehagenes rapportering fra året før tilskuddsåret i utregningen av tilskuddet til de private barnehagene. Kommunen kan i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner».*

Partar

Saka er relevant for private barnehagar og kommunen.

Private barnehagar representert ved eigar, vil ha interesse i berekningsgrunnlaget for tildeling av tilskot til drift av barnehagen, og er difor definert som part i saka. Kommunen er også å rekne som part i saka, då det er drifta i dei kommunale barnehagane som danner grunnlag for tilskot til dei private barnehagane. Tal teljetidspunkt får konsekvens for kommunen sine overføringar til private barnehagar.

Det er kome tre innspel. Det er uttale frå Knarvik barnehage, Leiketun barnehage og Pbl Alver (Private Barnehagers Landsforbund) v/styret. Innspela er lagt som vedlegg i saka.

Vurdering:

Barnehagane sine uttalar omhandlar stor sett det som står i framlegget i tredje avsnitt under overskifta «Teljetidspunkt». Uttalane omhandlar kva tidspunkt ein skal gjere ei berekning av tilskot for barn som fyller eitt år i perioden 1. september til 30. november. Barn som fyller eitt år innafor denne perioden har rett til barnehageplass. Under blir framlegga frå barnehagane kort presentert før det blir gjeve ei samla vurdering.

I framlegg til retningsline står det at barnehagen ved teljetidspunkt 1. september skal registrere barna som har rett til plass innanfor perioden 1. september-30. november. Dei skal då melde inn reell oppstartsdato og får tilskot frå denne datoen.

Knarvik barnehage meiner forslaget vil gje eit økonomisk tap i haustmånadane om ein ikkje skal få tilskot for desse barna frå 1. september, men først frå reell oppstartsdato. Barnehagen foreslår at ein skal få tilskot frå teljetidspunktet 1. september uavhengig av når på hausten barnet byrjar i barnehagen.

Knarvik barnehage foreslår følgjande endring av tekst i retningslina:

Tredje avsnitt, Teljetidspunkt

Barn som i perioden 1. september til 30. november fyller eitt år har rett til barnehageplass. Det blir gjeve tilskot til barnehagen for desse barna det året dei byrjar i barnehagen. Barne hagen må registrere faktisk oppstartsdato i barnehageadministrativt system for barn som skal byrje i barnehagen i denne perioden. Dette må vere registrert til teljetidspunkt 1. september. Barnehagen/år tilskott.fra 1. september for barn som har rett til barnehageplass, 1. september til 30. november.

Leiketun barnehage framhevar at barnehagen må la barnehageplassen til barna som har rett til plass (fyller eitt

år 1. september-30. november, stå ledig i påvente av at barnet skal ta i bruk barnehageretten sin. Barnehagen vil tape både kommunalt tilskot og foreldrebetaling i denne perioden og meiner det er uakseptabelt at dei private barnehagane skal ta dette tapet. Dei meiner det vil ha store negative konsekvensar for den økonomiske situasjonen.

Leiketun barnehage viser til Bergen kommune og deira ordning og kjem med framlegg til ei endring av innhald til punkt «Teljetidspunkt»

Barnehagen får kommunalt tilskot for barn med lovheimla rett til barnehageplass innan 30.11. gjeldande frå teljetidspunktet 1. september dersom følgjande regler for oppstart vert fulgte:

- *Nye barn som er over eitt år eller fyller eitt år innan 31.august vert registrerte i*

barnehageadministrativt system med plasseringsstart seinast 1.september

- *Nye barn som fyller eitt år i september, oktober og november vert registrerte i*

barnehageadministrativt system med plasseringsstart seinast innan utgangen av den månaden dei fyller eitt år.

- *Nye barn som fyller eitt år frå 1. desember må vera registrerte med plasseringsstart*

seinast 1.september.

- *Ved særleg stor aktivitetsendring, kan ein søkja om ekstra tilskot for august mnd.*

I tillegg til dei økonomiske omsyna, er framlegget grunngjeve i at det er viktig å gje eit godt og likeverdig tilbod til barna, og at det i oppstarten er viktig å ha ei stabil og tilstrekkeleg vaksendekking for denne aldersgruppa.

Leiketun barnehage og Knarvik barnehage tar og opp i sine uttalar, ønske om å få kompensert for manglande foreldrebetaling før barna startar i barnehagen. Dette blir ikkje vurdert vidare i denne saka då retningslina omhandlar retningsline for berekning av tilskot.

PBL Alver tar og opp spørsmål om når tilskotet skal bereknast for denne barnegruppa. Dei meiner det er urimeleg at barnehagane skal halde av plassar til barn med rett på plass om hausten utan å få dette kompensert. PBL Alver viser til at det vil vere utfordrande økonomisk for barnehagane å halde av plass til barn med oppstart seinare på hausten, og at barnehagane av den grunn vil måtte prioritere barn som ønskjer oppstart før 1. september.

PBL Alver foreslår at retningslina vert endra til:

«Barn som i perioden 1. september til 30. november fyller eitt år har rett til barnehageplass. Det blir gjeve tilskot til barnehagen for desse barna det året dei byrjer i barnehagen. Barnehagen må registrere faktisk oppstartsdato i barnehageadministrativt system for barn som skal byrje i barnehagen i denne perioden. Dette må vere registrert til teljetidspunkt 1.september. Barnehagen har rett på tilskot frå 01.september sjølv om desse barna først tar barnehageplassen i bruk når retten oppstår, det vil sei frå august, september, oktober og november.»

Samla vurdering

Høyringsinnspela frå barnehagane og PBL Alver går på at ein ønskjer å bli økonomisk kompensert for barnehageplassane frå 1. september sjølv om plassane ikkje er i bruk før seinare på hausten.

Tilskot for plass til barn som om hausten har rett på plass uavhengig av reell oppstartsdato, vil gjere det lettare for barnehagen å planlegge oppstart, samt sikre god vaksendekking i denne perioden. Barna er små, dei fyller eitt år i denne perioden. Det er viktig å sikre gode og stabile rammer både for å planlegge, ta i mot og gje barna eit godt tilbod. Barnehagane vil i liten grad kunne fylle ledig kapasitet midlertidig i dei haustmånadane plassen står ledig i påvente av barnet sin oppstartsdato.

Knarvik barnehage skriv at det i liten grad er ønskeleg at barn byrjar i barnehagen før månaden dei fyller eitt år. Ei slik begrensing vil bety at foreldre ikkje får barnehageplass sjølv om dei kan ha behov for det tidlegare. Skal barnehagen få tilskot for ein plass, bør det vere opp til føresette å bestemme når barnet skal starte i

barnehagen, og ikkje barnehagen.

Å gje tilskot til barnehagane frå 01. september uavhengig av startdato, vil medføre ein kostnad for kommunen ut over reell bruk av barnehageplassen. Dette vil varierer frå år til år.

Denne hausten er det ca 53 borna som fyller eitt år og som ønskjer barnehageplass i denne perioden. Dei har rett på plass. Storleiken på barnekull og når dei velgjer å ha oppstartsdato vil variere og vil ha betydning for kor stor kostnaden for kommunen blir. Av dei 53 borna har 38 born fått tildelt plass i privat barnehage.

Har alle oppstartsdato 1. november og barnehagen får tilskot for 3 månader før reell oppstartsdato, vil det tilsvare eit samla tilskot på ca. 2 470 000,-

Døme er berekna ut frå noverande tilskot på ca 21 700,- pr. barn pr. måned.

Alle barna vil ikkje starte opp 1. november. Satsen for tilskot vil og variere.

Men under gitte forhold vil dette bli kostnad for tilskot til dei private.

Det skal vere likeverdige forhold for dei kommunale og private barnehagane slik at dei kommunale barnehagane vil og måtte gjevast økonomiske rammer til å sikre tilsvarande vilkår.

Kommunedirektøren si tilråding

I høyringsuttalane er det foreslått endringar i tilskotsberekninga for dei barna som fyller eitt år i perioden 1. september-30. november, og som har rett på barnehageplass. Forslaget går på at det blir gjeve tilskot frå 1. september (teljedato) sjølv om desse barna tar plassen i bruk i løpet av perioden retten oppstår. Det vil seie månadene august, september, oktober og november. Barnehagane heldt i praksis av plass til desse barna for heile perioden, sjølv om det vert seinare oppstart enn i august. For barnehagane kan dette få negative økonomiske konsekvensar.

Etter ei samla vurdering foreslår ein å endra framlegget til retningsline for tilskot til private barnehagar til å ta omsyn til denne problemstillinga. Barnehagane vil då få tilskot frå 1. september uavhengig av reell oppstartsdato. Dette vil gje barnehagane større rom til å planlegge for og ta i mot barnehagebarna innanfor trygge og føreseielege rammer.

Kommunedirektøren rår til at vedlagt framlegg til lokal retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt.

Vedlegg i saken:

31.10.2023	Framlegg - Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune	2012149
30.10.2023	Høyring - lokal retningslinje for tilskot til private barnehagar	2012150
30.10.2023	Høyringsuttale - lokal retningsline for tilskot til private barnehager SAK 21_8202	2012151
30.10.2023	SAK 21-8202 Høyring – Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar (1)	2012152

Arkiv: <arkivID><jpid> FE-144, Plannavn-Kommunedelplan for Barnehage og Skulebruk, Komnr-4631

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 24.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/23	Utval for Levekår	07.11.2023
195/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Plansak Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune – framlegg til endeleg vedtak planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan «Barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Utval for Levekår 07.11.2023:

Handsaming:

Vigdis Villanger-Sp bad utvalet om vurdering av sin habilitet til planen, jmf. forv.l.§ 6, 2 ledd. Utvalet vurderte ho samrøystes som habil og ho deltok difor i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst og Jostein Danielsen frå firma Norconsult AS.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE- 003/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan «Barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for Levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune har starta arbeidet med å utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan. Dette i samsvar med vedtak i kommunestyret 22.06.23, sak 090/23, der kommunestyret vedtok kunngjering av oppstart av planarbeidet og å sende utkast til planprogram på høyring.

Kommunestyret vedtok også løyve til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgrensa opp til stipulert

kostnad på 1 million kroner.

Heimel for vedtaket var plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13). Til finansiering nyttast disposisjonsfondet.

Alver kommune har gjennomført ein avgrensa tilbodskonkurranse der tre kvalifiserte konsulentbyrå vart invitert til å delta, og har signert kontrakt med Norconsult. Dei økonomiske rammene for kontrakten er i samsvar med ramme som vart gitt løyve for i vedtaket i kommunestyret i juni 2023.

Saksopplysningar

I samsvar med reglane i plan og bygningslova § 11-13 starta prosessen med utarbeiding av kommunedelplan Barnehage- og skulebruksplan med kunngjering av oppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram.

Sak om offentleg høyring og ettersyn av planprogram vart handsama slik:

035/23: Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.23

061/23: Formannskapet 08.06.23

090/23 Kommunestyret 22.06.23

Alle innstansar med positiv innstilling og offentleg høyring og ettersyn vart vedteke.

Etter dette har planprogrammet vore sendt på høyring og ettersyn til offentlege styremakter og til interne fagetatar. Samstundes vart planprogrammet kunngjort for høyring og ettersyn via kommunen sine heimesider. Frist for å kome med merknad var 19.9.23. Dette i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 11-13.

Innkomne innspel i samband med høyringa

Då høyringsfristen var over var det registert 19 innspel til planprogrammet.

Det kom innspel frå:

Alver pedagogiske støtteining

Austebygd skule og Austebygd barnehage – Foreldreutval og Samarbeidsutval

FUS-barnehagane i Alver kommune

Eikanger skule – Foreldreutval

Kløvheim bygdslag

Kløvheim skule – Foreldreutval

Kløvheim skule – Samarbeidsutval, Skulemiljøutval

Knarvik ungdomsskule – Foreldreutval

Leiknes skule – Foreldreutval

Lindås ungdomsskule – Elevrådet

Ostereidet ungdomsskule – Foreldreutval

Ostereidet ungdomsskule - Samarbeidsutval

Privatperson Magnhild Nøttveit

Sagstad skule – Samarbeidsutval, Foreldreutval

Seim skule – Samarbeidsutval, Foreldreutval

Skulehelsetenesta i Alver kommune

Statsforvaltaren i Vestland

Sæbø skule – Foreldreutval, Samarbeidsutval, Skulemiljøutval, elevråd, tilsette og arbeidsmiljøgruppa

Utdanningsforbundet Alver

Innspela er lagt ved saka og i tillegg presentert i ei felles oversikt med kommentarar frå kommunedirektøren. Innspela blir i det følgjande presentert tematisk.

Demografi, kapasitet og struktur

SU/SMU ved Kløvheim skule peikar på at planen også må vurdere konsekvensen av demografijustering på lang sikt, og ta omsyn til kva konsekvensane av sentralisering vil ha å seie for busetjing og tilflytting til bygdene i kommunen. Dei seier vidare at det vil vere feil å vurdere nedlegging av skular berre på bakgrunn av elevtal. Andre faktorar som nærmiljø, samarbeid skule og barnehage, økonomi, skulebygg og skulemiljø må vurderast og vektleggast. SU/SMU uttrykkjer at det er potensiale for å behalde Kløvheim skule og halde fram med drift som i dag.

FAU ved Eikanger skule viser til vedtak om å byggje ny Eikanger skule, og seier dei ønskjer dette nedfelt i planen. Dei ber om at det blir laga ein tidsplan for oppstart og ferdigstilling av ny skule, samt at kostnader ved utsetjing blir vurdert.

Magnhild Nøttveit (privatperson) har peika på at ved å flytte kringsgrenser, kan ein lette presset på nokre skular og samstundes sikre framtida til andre skular.

SU/FAU ved Austebygd skule og Austebygd barnehage viser til viktigheita av at alle barn i kommunen har ein skule og barnehage i nærmiljøet sitt. Dei peiker og på at planarbeidet må sjå på struktur i heilskap i høve til fritid og arbeidsmarknad, slik at folk ikkje blir nødt til å levere born i feil retning fleire mil frå kvar arbeidsplassane ligg.

FAU og SU ved Ostereidet ungdomsskule har vist til at prosessen må ta høgde for meir enn SSB sine prognosar for folketalsvekst/ elevtal. Dei viser til at det er viktig at lokale reguleringsplanar vert tekne med i avgjerdene, då realisering av vedtekne planar vil påverka elevtalet. FAU seier det også er viktig å ta høgde for behov elevmassen i dagens skule og barnehage har. SU viser til at kommunesentra skal bestå, med skule i alle kommunesentra.

SU og FAU ved Seim skule viser til som følgje av den alvorlege økonomiske situasjonen som Alver kommune er i, er det viktig å sjå på naturlege justeringar askulestruktur/barnehagestruktur ut frå demografisk utvikling i ulike delar av kommunen. Dei uttalar vidare at det er fint at planprosessen vurderer om skular kan bli for små med tanke på elevmiljø og profesjonsfellesskapet til dei tilsette.

Bygdelaget ved Kløvheim skule uttrykkjer at det ikkje bør leggjast ned skular utan ein godt gjennomtenkt plan for elevane.

Eksisterande anlegg

Elevrådet ved Lindås ungdomsskule har meldt inn behov for totalrenovering av skulen, og at dette vil auke elevane sin trivsel på skulen, samt gjere læringsmiljøet betre og meir positivt. Elevrådet har også spelt inn ønskje om sosiale arrangement saman med andre skular og fleire aktivitetsdagar for elevane i kommunen.

SU/FAU ved Seim skule viser til at det er viktig med ein grundig gjennomgang av bygg og uteareal, men også sjå på moglegheiter for mottakarskular med potensiale for utviding. Dei viser til godt samarbeid med barnehagen på Seim og at det er viktig å greie ut arealet rundt skulekrinsen, mellom anna i høve til potensiale for uteskule.

Kløvheim bygdelag ber om ein gjennomgang av skulebygg og uteareal, samt at prosessen ser på moglegheiter for mottakarskular med potensiale for utviding. Som SU/FAU ved Seim skule viser også Kløvheim bygdelag til verdien av godt samarbeid mellom barnehage og skule. I tillegg viser dei til engasjement frå bygda i høve til å ta vare på og utvikle skuleområdet på Kløvheim.

Framdrift

SU ved Ostereidet ungdomsskule stiller spørsmålsteikn ved tidsplanen i prosjektet, og om eit vedtak i oktober 2024 betyr at kommunen ikkje kan gjere endringar før til skuleåret 2025-2026.

Likeverdig tilbod

SU/FAU ved Sagstad skule poenterer at skulen må vere ein arena der både lærarar og elevar får brukt det fulle potensialet sitt for læring og utvikling. Dei seier vidare at barnehage- og skulebruksplanen må sikre ein skulestruktur som sørger for at alle har eit fellesskap som fører til både individuell og kollektiv læring og utvikling, leggje til rette for ein skule som fremmar trivsel og mangfald, og ein mest mogeleg lik skulekvardag for alle elevar. Vidare seier det at planen må sikre at alle elevane i størst mogleg grad får like god lærartettleik og moglegheit for oppfølging.

Medverknad

Rådsorgana og tilsette ved Sæbø skule har spelt inn ønskje om konkretisering av del om planprosess og medverknad, samt at innhaldet i prosessane for medverknad blir konkretisert.

FAU ved Leiknes skule poengterer at foreldrerepresentantane må involverast tidleg i prosessen og at FAU-medlemmar frå kvar skule bør inviterast inn i referansegruppa. FAU Leiknes ønskjer også ein meir detaljert tidsplan for når ulike møte skal gjennomførast. I tillegg peikar dei på at høyringsfristen for barnehage- og skulebruksplanen ikkje bør kome for tett opp mot skulane sin sommarferie.

Pedagogisk støtteining barnehage, Alver kommune har sendt innspel om at ordlyden i målformuleringa kan endrast frå «...fungere tilfredsstillande som arbeidsplass for tilsette» til «...ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette».

Pedagogisk støtteining poengterer også at det er viktig at stemmene til dei mest sårbare barna og elevane blir høyrd, og at det er viktig å ha med talspersonar som kan fremje og tale deira sak.

FAU ved Knarvik ungdomsskule har spelt inn at FAU bør vere representert i prosjektgruppa, gjerne med ein representant frå ein stor og ein liten skule.

FUS-barnehagane har meldt at dei ønskjer å delta i referansegruppe og bli omtalt særskilt som ein aktør i medverknadsprosessen.

SU/FAU ved Sagstad skule peikar på at representantar frå dei ulike skulane må få høve til å delta i planarbeidet.

SU/FAU ved Seim skule seier det er viktig med ein grundig høyringsprosess, og at det er fint at elevar, foreldre og tilsette får kome med innspel i planprosessen. Dei oppmodar om tidleg dialog med skulane.

Utdanningsforbundet i Alver understreker at det må takast med tidspunkt for formell drøfting med alle arbeidstakarorganisasjonane i forkant av dei formelle politiske vedtakspunkta.

Kløvheim bygdelaug seier dei håpar at utvalet som skal arbeide med planen tar seg tid til å besøkje skulane og bygdene og sjå på kva nærrområde til skulane har å by på.

Målsetjing og formål

SU/FAU ved Austebygd skule og Austebygd barnehage uttrykkjer at ein gjennomgang av barnehage- og skulestrukturen som handlar om å sikre eit godt pedagogisk tilbod til barna, representerer saka dårleg. Dei peiker på at behovet for planen handlar åleine om at det i økonomiplanen for 2023-2026 kjem fram at kommunen treng å redusere kostnader.

Kløvheim bygdelaug uttrykkjer at formål og målsetjing er godt skildra: «Ein barnehage og skule er viktig for nærmiljøet, og fungerer som ein møteplass for uformell leik og aktivitet på fritida.

Pedagogisk støtteining foreslår å endre ordlyden i følgjande setning frå: Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, og «fungere tilfredsstillande som arbeidsplass for tilsette», til: Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, og «og ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette».

Nærmiljø

SU/FAU ved Austebygd skule og Austebygd barnehage seier det er fint at planen har eit eige punkt om nærmiljøet, og ønskjer at ordlyden i punktet skal vere slik: «planarbeidet **skal** difor sikre at alle barn har eit tilbod av skule og barnehage i sitt **nærmiljø**».

Organisering av prosessen

Utdanningsforbundet i Alver foreslår at representant frå tilsette i barnehagar og skular i prosjektgruppa blir erstatta med representant frå hovudverneombod og at det blir invitert inn to hovudtillitsvalde i prosjektgruppa. Utdanningsforbundet ønskjer også at fleire hovudtillitsvalde enn deltakarane i prosjektgruppa før høve til medverknad undervegs, gjennom deltaking i referansegruppe.

Statsforvaltaren i Vestland viser til at gode og trygge uteområde kan bidra til meir likeverdige oppvekstvilkår, og at uteområde ofte fungerer som ein ressurs i nærmiljøa etter opningstid. Dei peikar på viktigheita av å spele arealbehov til barnehagar og skular inn tidleg i planprosessar.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta melder at dei er positive til at det skal utarbeidast ein barnehage- og skulebruksplan for kommunen. Dei viser til at dei fysiske forholda på skulane i Alver er i svært ulik grad tilrettelagt for skulehelsetenesta, med omsyn til kontorfasilitetar, plassering og inneklima. Dei spelar inn at dette må inkludrast i utgreiingane knytt til utforming av skulebygg, vedlikehald- og kapasitetsbehov.

Dei peiker vidare på at planen må belyse den demografiske utviklinga kommunen står ovanfor, og at dette vert tatt omsyn til i vurderingane av framtidig struktur. Skulestruktur og elevtal påverkar organiseringa av skulehelsetenesta direkte.

Skuleveg

SU/FAU ved Sagstad skule uttrykkjer at alle elevar må ha overkommeleg reiseveg, og ønskjer at planen definerer kva som er rimeleg reiseveg til/frå skulen.

Statsforvaltaren i Vestland viser i sitt innspel til elevane sine rettar til skuleplass på nærskulen, jamfør opplæringslova § 8-1. Statsforvaltaren viser også til forarbeida til opplæringslova, som skildrar at i vurderingar av kva som er ein elev sin nærskule skal det takast utgangspunkt i geografi, men at også andre objektive forhold som topografi og farleg skuleveg er relevante hensyn. I tillegg kan også subjektive omsyn vere aktuelle, til dømes om eleven har søsken ved skulen.

Vurdering

Alver kommune har motteke gode innspel i denne høyringa, og det er gledeleg at så mange har spelt inn synspunkt til planprogrammet. Alle innspela er relevante for den samla planprosessen, sjølv om ein del av innspela ikkje er direkte knytt til planprogrammet. Dei innspela som ikkje er knytt til innhald og rammer i planprogrammet, vil bli vurdert i arbeidet med planen, vidare i planprosessen.

Av innspel som det er vurdert har relevans for planprogrammet og vidare planleggjing av planprosessen, er innspela knytt til innhald i planarbeidet, framdrift, medverknad og organisering særleg viktige.

Innhald i planarbeidet

Fleire har spelt inn at planprosessen må ta omsyn til fleire faktorar enn tal born og elevar åleine. Barnehagane og skulane som nærmiljøanlegg er vektlagt i fleire innspel, både når det gjeld å oppetthalde eit desentralisert tilbod i nærleiken av der folk bur, og å sikre framtidig busetjing i bygdene. Det blir vist til samanheng mellom arealplan, utbygging og utvikling i barnetal i ulike delar av kommunen.

I utkast til planprogram som har vore på høyring, er hovudoppgåvene for planprosessen skildra. Kommunedirektøren har vurdert alle innspela som er kome inn, og kan ikkje sjå at det er kome fram opplysningar som tilseier at hovudoppgåvene som er planlagt for prosessen bør endrast.

Medverknad

God medverknad er avgjerande for denne prosessen, og det er også understreka i fleire av innspela. Det er ikkje alle detaljar som lar seg presentere i eit planprogram, men planprogrammet bør gje så god informasjon om prosessen som mogleg.

Kommunedirektøren vurderer innspela knytt til medverknad som gode, og vil ta omsyn til konkrete innspela som er kome fram i høyringsprosessen. Dette gjeld omfang av referansegrupper, detaljar for framdriftsplan og

møtepunkt, samt rammer for formell drøfting med organisasjonane.
Under følger ei kort skildring av kva dette betyr i praksis.

Det skal lagast ein detaljert plan for medverknad innan utgangen av november 2023. Her er det planlagt å ha ein heilskapleg tidsplan for dei ymse møta i prosessen. Planen skal vise deltakarar i ulike referansegrupper, og milepælar og framdriftsplan for heile planprosessen.

Kommunedirektøren har også vurdert at det bør vere med to hovudtillitsvalde og eit hovudverneombod i prosjektgruppa, slik at prosjektgruppa blir utvida med ein hovudtillitsvald og hovudverneombod.

Det er difor lagt inn framlegg om følgjande ordlyd i høve til deltakarar i prosjektgruppa:
Prosjektgruppa vil bestå av to hovudtillitsvalde, hovudverneombod oppvekst, tenesteleiar barnehage, tenesteleiar skule, konsulent frå Norconsult, representant tilsette barnehage og skule, tenesteleiar plan- og analyse og kommunalsjef oppvekst.

Kommunedirektøren ser behov for etablering av følgjande referansegrupper:

- Foreldreutval (FAU):
 - Foreldrerepresentantar frå alle skulane og barnehagane
 - Representantar frå dei private barnehagane og friskulane
 - Barn og unge (Elevråd, ungdomsråd, representantar for sårbare barn)
 - Barnehagar og skule: Tilsette, samarbeidande tenester
 - Arbeidstakarorganisasjonar: Hovudtillitsvalde for Oppvekst

Det kan bli behov for å utvide tal dektakarar i referansegruppene eller tar grupper, og dette vil bli vurdert undervegs i arbeidet.

Det vil bli gjennomført informasjonsmøte med tillitsvalde og tilsette både på avdelingsnivå og felles i regi av prosjektgruppa/prosjektleiar. I veke 42 vart det gjennomført eit første informasjonsmøte med hovudtillitsvalde og leiarar i barnehagar og skular.

I tråd med innspel frå Utdanningsforbundet vil bli lagt til rette for formelle drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane som organiserer tilsette i skular og barnehagar, PPT og skulehelsetenesta i forkant av at saka skal til politisk handsaming.

Framdrift

Kommunedirektøren har stor forståing for at det vil vere krevjande å gjennomføre ein god medverknadsprosess kring endeleg framlegg til barnehage- og skulebruksplan dersom høyringsperioden kjem for tett opp mot sommarferien. Det vil vere utfordrande både om høyringa kjem for seint på våren og om den blir lagt til august/september. Dette fordi møta i foreldreutval (FAU) og samarbeidsutval (SU) sjeldan er plassert tett opp mot ferien eller like etter ferien, og fordi det går ei tid om hausten før dei nye representantane i FAU og SU er på plass.

I vurderinga som er gjort med omsyn til framdrift og gjennomføring av høyring på endeleg planutkast, har vi kome fram til at høyringa bør gjennomførast våren 2024, slik at endeleg vedtak kan fattast i kommunestyret i september. Eventuelle tiltak i planen kan innarbeidast i budsjett 2025.

Kommunedirektøren vil difor leggje fram forslag om følgjande framdrift endeleg plan:

- 16.04: Utval for Levekår – Vedtak om å sende planen på høyring
Høyringsperiode 17.04-02.06.24
- 03.09: Utval for Levekår – Uttale endeleg plan
- 05.09: Formannskapet – Innstilling endeleg plan
- 19.09: Kommunestyret – Vedtak endeleg plan

Endringar i planprogrammet, framlegg frå kommunedirektøren, etter høyring og offentleg ettersyn:

Mål og tema for planarbeidet

Endring i 2. setning i første avsnitt: Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette, samt vere ein arena for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.

(Endra frå: Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, fungere tilfredsstillande som arbeidsplass for tilsette, samt vere ein arena for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.)

Prosjektleder

Tenesteleder plan og analyse og kommunalsjef oppvekst

(Endra frå fagansvarleg plan og analyse)

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa vil bestå av to hovudtillitsvalde, hovudverneombod oppvekst, tenesteleder barnehage, tenesteleder skule, representant tilsette barnehage og skule, konsulent frå Norconsult, representant frå planavdelinga i Alver og kommunalsjef oppvekst.

(Endra frå: Tenesteledarar for barnehage og skule, representant for tilsette barnehage og skule, representant for hovudtillitsvalde barnehage og skule)

Referansegrupper

1. Barn og unge i Alver kommune: Elevråd, ungdomsråd, representantar for sårbare barn
2. Foreldreutval: Foreldrerepresentantar frå alle barnehagane og skulane
3. Private barnehagar og friskular: Representantar frå eigarar/leiarar
4. Representantar frå tilsette - Barnehagar, skular, samarbeidande tenester
5. Arbeidstakarorganisasjonar – Hovudtillitsvalde sektor oppvekst
6. Andre grupper etter behov

(Endra frå: Referansegruppe 1: Styrarar, rektorar, tilsette representerte ved tillitsvalde, elevråd, ungdomsråd og foreldreutval barnehage og skule, Referansegruppe 2: Eksterne og interne samarbeidspartar)

Framdrift

Endeleg vedtak kommunedelplan – Innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming:

19. september 2024.

(Endra frå: Endeleg vedtak kommunedelplan – Innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming: Oktober/November)

Endringane i planprogrammet er ei utviding eller forsterking av tema som er omtala i utkast til planprogram, og vil ikkje bety prinsipielle endringar i planprogrammet. Det er difor ikkje naudsynt å sende planprogrammet ut på ny høyring eller offentleg ettersyn med dei endringane som kommunedirektøren kjem med framlegg om.

Endringane er lagt inn i Planprogram KDP barnehage- og skulebruksplan, Framlegg versjon 2. Planprogrammet er produsert i Framsikt, men også lagt ved som PDF-kopi til saksutgreiinga.

Lenkje til den digitale versjonen i Framsikt: [Publiert versjon framlegg til planprogram etter høyring - Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune.](#)

Vedlegg i saken:

25.10.2023	Oversyn innspel med kommentarer	2009976
06.11.2023	Planprogram framlegg etter høyring - oppdatert tekst	2015207
25.10.2023	Fau Kløvheim skule - Innspel til planprogram FAU Kløvheim Skule	2009766
25.10.2023	Fau/SU Seim skule - Høyringsuttale - Planprogram KDP	1998049

25.10.2023	barnehage og skulebruksplan - Seim skule FAU/SU Sagstad skule - Utkast til høyring planarbeid skulebruksplan	2009770
25.10.2023	SU Osteridet Ungdomsskule - Høyringsuttale frå SU ved Osteridet ungdomsskule i samband med planprosess for skule- og barnehageplan	2009777
25.10.2023	FAU Knarvik ungdomsskule - Innspill Planprogram Barnehage og skulebruksplan	2009789
25.10.2023	SU Leiknes skule - Uttale, Planprogram Skulebruksplan	2009782
25.10.2023	FAU Eikanger skule - Uttale skulebruksplan fra FAU Eikanger skule	2009794
25.10.2023	Kløvheim skule - Innspel til høyring på barnehage- og skulebruksplan frå SU-SMU ved Kløvheim skule	2009796
25.10.2023	Skulehelsetenesta - Høyringsinnspel planprogram barnehage og skulebruksplan	2009817
25.10.2023	Lindås Ungdomsskule - Barnehage og skulebruksplan - merknad til planprogram	2009798
25.10.2023	Fau Osteridet Ungdomsskule - Høyringsuttale - Planprogram Barnehage og skulebruksplan	1994143
25.10.2023	FAU og SU Austbygd skule og barnehage - Uttale til innhald i planprogram barnehage og skulebruksplan	2009816
25.10.2023	Statsforvaltaren i Vestland - Uttale - oppstart kommunedelplan - barnehage og skulebruksplan	1991145
25.10.2023	Sæbø skule - Høyringsuttale - Planprogram "Barnehage og skulebruksplan"	1988927
25.10.2023	Magnhild Nøttveit - Høyringsuttale - Planprogram "Barnehage og skulebruksplan"	1984870
25.10.2023	Leiknes FUS Barnehage - Høyringsuttale - Planprogram "Barnehage og skulebruksplan"	1984865
25.10.2023	Alver pedagogiske støtteining for barnehagar - Innspel til Planprogram Barnehage og skulebruksplan	1984354
25.10.2023	Kløvheim bygdelag - Merknad til planprogram - Barnehage og skulebruksplan	1999136
25.10.2023	Utdanningsforbundet Alver - Uttale høyring planprosess barnehage- og skulebruksplan	1998417

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-46312022001,
Plannavn-
Kommuneplanen sin
arealdel for Alver,
Komnr-4631, FA-L13

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 06.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
136/23	Utval for areal, plan og miljø	08.11.2023
196/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf pbl. § 11-8 D i fire år.

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 136/23 innstilling:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf pbl. § 11-8 D i fire år.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i areal, plan & miljø og avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

I Kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 er det ei vedteken sone for bandlegging med heimel i plan og bygningsloven (pbl). Den beskriv areal som vil vere bandlagt for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, med tilhøyrande tilførselsveggar, lokalveggar, vegkryss, tunnel, gang- og sykkelveggar, rasteplassar og kontrollplassar. Bandleggingssona vert gjeldande fram til vedtak av kommunedelplanen for E39 eller inntil fire år, med mogeleg forlenging på fire år.

Det er no fire år sidan planen vart vedteken og kommunen har ikkje i den perioden fått vedteke kommunedelplanen for E 39 som var målet når Lindås kommune utarbeida sin kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031.

Framlegg til kommunedelplan for E 39 er formelt oversendt Alver kommune frå Statens vegvesen, men er ikkje behandla politisk i kommunen enda. Heimel til å bandlegge areal i påvente av KDP E39 går ut og det er behov for å forlenge bandleggingssona.

Bandleggingssona kan forlengast med politisk behandling i kommunen, med vidare handsaming sjå Statsforvalteren på vegne av Departementet. Administrasjonen har vore i dialog med Statsforvalteren

undervegs, som følg prosessen tett.

Vurdering

I kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen (vedteke 15.09.2019) blei det etablert ei sone for bandlegging for kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen i påvente av vedtak for den endelege vegtraseen.

29. august 2023 mottok Alver kommune eit brev frå Statens vegvesen som ber kommunen handsame saka om forlenging av bandleggingssona til vedtak av kommunedelplanen for E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

04. september 2023 tok administrasjonen kontakt med Statsforvalteren for råd og vidare handsaming av søknaden.

06. oktober fekk administrasjonen svar frå Statsforvalteren på korleis søknaden skal handsamast

For at administrasjonen i samråd med Statens vegvesen skal kunne arbeida vidare med saksbehandling av KDP E 39 og utarbeiding av framtidig reguleringsplan er det naudsynt at bandleggingssona forlengast. Bandleggingssona er foreslått vidareført utan endringar med same innhald som i dag med opning for tiltak i samsvar med gjeldande planar med følgjande presisering:

- All tiltak innanfor reguleringsplanar eldre enn 10 år.
- Tiltak på terrengnivå over tunnel som ligg nærmare tunnelportane enn 50 m.
- Tiltak som går lengre ned i grunnen enn 2 meter under overflata innanfor tunnelsona.
- Søknad om dispensasjon frå gjeldande plan som ikkje gjeld mindre tiltak etter pbl. §§ 20-4 og 20-5, vatn- og avløpsanlegg, arealoverføringar til uendra bruk.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommunestyre gjev sin tilslutning til forlenging av sone for bandlegging (H710) etter pbl. § 11-8, 3. ledd, D. Dette vil vere i påvente av vidare behandling av kommunedelplanen E39 Flatøy-Eikefettunnelen og den pågåande rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

Vedlegg i saken:

30.10.2023 20_7013-78 E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Forlenging av 2010663
bandleggingssone

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-131
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
137/23	Utval for areal, plan og miljø	08.11.2023
197/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - vedtak av arealplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Bent Gunnar Ness-regionrådet Nordhordland

Framlegg frå Leif Jonsen-Mdg:

Saka blir utsett til etter at Plan for naturmangfald er ferdig.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Leif Johnsen-Mdg)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster (Yngve Walaker-Frp, Nina Stabell Øvreås-Frp, Tore Helland-Frp, Olav Myhr-Krf, Henning Fyllingsnes-H, Torgeir Andvik-Sp-Wilfred Wessel Berthelsen-Inp, Liv Hopland Van der Kooij-Sp, Olav Steinar Namtvedt-Sp, Ståle Hauge-Åp) mot 1 røyst (Leif Johnsen-Mdg)

APM- 137/23 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommunestyre slutta seg til arbeidet med ein interkommunal arealplan for sjøområda i Nordhordland. Kommunestyra i dei 8 kommunane (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modale, Osterøy og Vaksdal) gjort vedtak om å opprette eit interkommunalt planutval (IKPU) som skal styre prosessen. IKPU har no gjennomført prosessen etter det mandatet dei fekk og har utarbeida eit forslag til arealplan for sjøareala som dei tilrår kommunestyra å vedta. Det einkilde kommunestyra skal vedta arealplanen for sin kommune, men den bygger på ein samordna plan i regionen. Planen har felles føresegn, planskildring, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag.

Planen har vore ute på tre høyringar. IKPU meiner at den planen som no vert lagt fram for kommunestyra til

vedtak bygger på ein grundig prosess og det er viktig at planen no vert vedteke slik at dei endringane som planen legg til rette for kan realiserast.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Hausten 2020 gjorde kommunestyra i dei 8 kommunane (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal) vedtak om å opprette eit interkommunalt planutval (IKPU).

Kommunestyret sitt vedtak – hausten 2020:

1. Alver kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.
3. Alver kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Alver kommunestyre vel leiar i areal, plan og miljø til medlem med nestleiar som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Kommunestyret delegerte planmynde til IKPU. Kapitel 11 i plan og bygningsloven set rammer for planlegginga med kva type formål og føresegner som kan gjevast i planen. Ein interkommunal plan er ikkje ein «overkommunal plan», men ei samansetting av fleire formelt sjølvstendige kommunale planar «bygd» på ein heilskapleg vurdering.

Organisering

Det interkommunale Planutvalet (IKPU) er eit politisk oppnemnd styre som har leia planarbeidet jfr. pbl § 9-2. Dei deltakande kommunane har overført mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU, jfr. § pbl 9-3. IKPU har ansvaret for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtar forslag til planomtale, plankart og føresegner, gjennomfører offentleg ettersyn og innstiller det endelege planforslaget til kommunestyra for vedtak.

Medlemmene i IKPU har hatt ansvaret for kommunikasjon med det politiske miljø i eigen kommune.

Kommunestyra valte ordførar som representant til IKPU, med unntak av Alver som valte leiar i APM.

Det interkommunale planutvalet (IKPU) konstituert seg i første møte 13.11.2020.

- Hallvard Oppedal - Gulen – leiar
- Lars Fjeldstad – Osterøy - nestleiar

Arbeidsgruppa består av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i utforminga av planen. Det er rådmann i kvar einskild kommune som har oppnemnd medlem til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har vore leia av Kristin Nåmdal (Alver kommune).

Region Nordhordland IKS (RNI) sin rolle i prosjektet er å vere ein fasilitator/tilretteleggjar og koordinator i prosjektet. Det er kjøpt inn planfagleg og kart ressurs frå Alver kommune.

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar frå regionale myndigheiter vart det oppretta ei referansegruppe for myndigheitene. Dette for å kunne få gode innspel så tidleg som mogleg i prosessen. I tillegg til dei aktuelle myndigheitene, som statsforvaltar og Vestland fylkeskommune deltok Havforskningsinstituttet og deira hovudoppgåve vil vere å rettleie og finne fram det beste faglege grunnlaget.

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar og god kontakt med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar vart det oppretta to referansegruppe:

- Næringslivet – representert med Nordhordland Næringslag
- Organisasjonar på regionalt nivå – som tek i vare friluft og miljøinteressene

Medverknad og dialog i planprosessen - generelt

Planarbeidet har som formål å sjå til at alle interesser i sjøareala og deira behov for areal blir lagt fram og vurdert. Dette gir dei politiske mynde ei betre grunnlag for sine avgjerd. Dei formelle prosedyrekrava er knytt til kommuneplanen, og interkommunalt plansamarbeid i samsvar med pbl. kap.9, og er skildra i pbl. kap. 5 og 11.

Planarbeidet og prosessen med å utarbeide plan kan grovt delast i dei fem fasane - (i) planprogramfase, (ii) planfase, (iii) høyringsfase, (iv) planvedtak og (v) gjennomføring.

Planprogrammet

Utarbeiding av planprogram (fase 1) utgjer den formelle oppstarten av planprosessen med varsling og kunngjering. I dette planarbeidet har ein og invitert aktørane til å komme med konkrete arealinnspele.

IKPU vedtok i møte 26.02.2021 å legge planprogrammet på høyring og offentlig ettersyn. Det vart lagt ut på heimesida til Region Nordhordland og med link til kommunane si heimeside. Det vart også kunngjort i lokalavisene.

- Det var 45 stk som sendte innspel til planprogrammet
- IKPU vedtok planprogrammet 21.06.2021

Prosess – planforslag

Det vart gjennomført ulike samlingar og møte før utarbeiding av planforslag på regionalt nivå. Planforslaga er annonsert i lokalavisene og dei er lagt ut på heimesida til Region Nordhordland. Den einssilde kommune har lagt ut på heimesida med link til Region Nordhordland. Det har og vore kontordager i kommunane.

Etter 1. planforslag har det vore direkte dialog med regionale mynde og Statsforvaltaren for å ta opp og finne løysingar på konkrete utfordringar.

Representanten i IKPU har orientert om planprosessen og planforslaga som er lagt fram.

Oversikt over ulike dialogmøte/samlingar som har vore i prosessen.

År	Mnd	Målgruppe/interessent	Tema – status
2020	12	Regionale mynde	Informerte om planlagt planprosess og organisering. Dei ulike mynde kom med tilbakemelding og sine forventningar til arbeidet
2021	10	Regionale mynde	Arbeidsmøte Status Akvakultur – behov for strukturendringar – utfordringar Kunnskapsgrunnlag, KU avklaringar
2021	11	Referansegruppe for næring	Orientering om arbeidet Innspele frå næringa om deira behov for areal og rammer for drift. Det vart gitt innspel frå havbruk og fiskerinæringa og deira behov for areal.
2021	11	Akvakultur	Oppfølging av møte tidlegare i månaden der akvakulturnæringa kunne samordne sine innspel.
2021	11	Referansegruppe friluft, natur og miljø	Arbeidsmøte – orientering Vassforvaltning, friluftsliv, miljøstatus, laksefjord – status villaks og sjøaure
2022	2	Statlege og regionale mynde	Arbeidsmøte Status Innspele til kunnskapsgrunnlaget
2022	3	Statsforvaltaren	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	3	Statsforvaltaren	Oppfølging av tidlegare møte Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget

			Rammer og innhald for KU og ROS
2022	9	Statlege og regionale mynde	Overordna gjennomgang av plandokument og planforslag
2022	11	Opent møte – Knarvik Region Nordhordland Helsehus	Presentasjon av planforslaget
2022	11	Opent kontor	Alle som ville kunne ta kontakt for å få meir detaljert gjennomgang av forslaget

Planforslag og konsekvensutgreiing

Dette er omtalt i kap. 7 og 8 i planskildringa som ligg ved saka.

Konsekvensutgreiinga (KU) er laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein areal plan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på kjent kunnskap. Ved seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, eventuelt konsesjonsbehandling, kan det vera naudsynt å kartlegga ny kunnskap, eller å få fram tilhøve som ikkje er kjent i dag. Det er likevel lagt vekt på fagkunnskap i dei tilfelle der ein ser at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt.

Det utarbeida «Kunnskapsgrunnlaget» er saman med informasjonen i dei mottekne innspela grunnlaget for KU og ROS. Med dette utgangspunkt og den skildra metoden er alle innspela vurdert. Basert på metoden for KU er innspela kategorisert i nivå av konfliktgrad (grøn, gul, raud) i høve til ulike fagtema og risikovurdering. Dei innspela som er med i planforslaget, totalt 36, er fordelinga vist i tabellen under.

Samla vurderingar av enkeltinnspel		
12	13	11
Ingen eller få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konfliktrar. Etter ei samla vurdering på tvers av alle tema vert innspelet tilrådd.	Middels konsekvens / noko konfliktpotensial / moderat måloppnåing for enkelte tema. Etter ei samla vurdering av alle tema vert konfliktgraden og utfordringa vurdert til å vere for høg til at innspelet kan tilråddast.	Klar negativ konsekvens / stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing og/eller uakseptabel risiko for eitt eller fleire tema. Etter ei samla vurdering, der eitt eller fleire tema kan vere tungtvegande, vert innspelet ikkje tilrådd.

Sjølv om tiltaket kjem ut i raudt, kan endringa vere positivt i høve til dagens bruk. Det gjeld mellom anna for omstrukturering av akvakultur, der det er teke vekk fleire lokalitetar og samle dei på ein større. Dette er gjort i tre område. Av dei lokalitetane som kjem i denne kategorien er konklusjonen for alle raud i KU og ROS, men basert på grunnlaget vi har samla sett og rammene for miljøtilhøve i føresegna bidreg dette til å betre situasjonen.

Arealinnspela som er med i planforslaget fordeler seg slik på tema og kommune.

Kommune	Akvakultur	Hamne-område / næring	Småbåt-anlegg/hamn	Skjelsand	Totalt
Alver	5			1	6
Austrheim	2			1	3
Fedje	1			1	2
Gulen	8				8
Masfjorden	4	2	5		11
Modalen			2		2
Osterøy	4				4
Totalt	24	2	7	3	36

Plandokumentet gjeld for sjøareala. Naust og småbåthamner/anlegg har ikkje vore ein del av planoppgåva. Dette vert handtert i prosessen med kommuneplanen sin arealdel.

I Alver har vi utvida aeal til akvakultur på nokon eksisterande lokaliteter. Dette er for at det skal vere enklare å

drive meir miljøvenleg. Det er og teke ut nokre areal som ikkje har vore i drift på lenge. Vidare er det gjort ei omstrukturering av areal for betre drift og miljøforhold i Austfjorden og Radsfjorden.

Sakshistorikk

Framlegg plan og høyringane

1. gongs høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 06.10.2022 å legge planen ut på offentleg høyring
- Det var 67 stk som sendte inn merknad til planen – 22 frå offentlege – resten privat og næring
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 19 motsegn frå statlege og regionale mynde til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike
- Planen og forslag til endringar måtte sjåast på og der var dialogmøte med dei ulike aktørane for å kome fram til eit forslag som ville ha færre motsegn

2. gongs høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 16.03.2023 å legge planen ut på offentleg høyring for 2. gong
- Det var 37 stk som sendte inn merknad til planen – 13 frå offentlege – resten privat og næring
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 10 motsegn til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike

Det vart jobba vidare med planen og ein vart samde om at der måtte gjerast endringar for å kome fram til eit planforslag som kunne bli vedteke. Det var dialogmøte med dei ulike aktører.

3. gongs avgrensa høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal

- IKPU vedtok i møte 16.06.2023 å legge planen ut på offentleg høyring for 3. gong
- Det var 17 stk som sendte inn merknad til planen
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 4 motsegn til planen. Motsegn til føresegn vart løyst i dialogmøte. Slik at det var 3 konkrete areal som vart tatt til formelt meklingsmøte.
- I meklingsmøte med Statsforvaltaren 25.09.2023 vart 2 av arealforslaga løyst. Sat igjen med eit motsegn frå Kystverket og Statsforvaltaren til akvakulturområde på Fedje – Hjeltevarden. Fedje kommune vil sannsynlegvis anke den avgjerda til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Når planen har vore ute på høyring så har det vore informert om planen i planutvalet og kommunen.

Vurderingsgrunnlag

Planarbeidet har vore utført i tråd med Lovverk og regionale planar/nasjonale føringar
Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel i Alver er tett kobla på prosessen.

Partar

Planarbeidet har vore interkommunalt styrt av region nordhordland. Det interkommunale planutvalet har fått delegert mynde til å behandle planprogram, og legge plandokumenta ut på offentleg ettersyn og høyring. Det interkommunale planutvalet innstiller i saka som går vidare til kommunestyra i deltakarkommunane Alver kommunestyre skal vedta det endelige plandokumentet.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at den interkommunale planen vert vedteke for Alver slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

30.10.2023 IKP SJØ NH Planskildring 03.10.23

2009636

30.10.2023	IKP SJØ NH Føresegn 03.10.23	2009637
30.10.2023	IKP SJØ NH KU og ROS 03.10.2023	2009639
30.10.2023	IKP SJØ NH Kjelder 03.10.23	2009640
30.10.2023	IKP SJØ NH KU Vedlegg innspel 03.10.2023	2009641
30.10.2023	IKP SJØ NH Kunnskapsgrunnlag 03.10.23	2009642
25.10.2023	Mekling interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland og Gulen	2009643
30.10.2023	Alver_IKP_sjøareal	2009822

Arkiv: <arkivID><jpid> FE-144
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
138/23	Utval for areal, plan og miljø	08.11.2023
198/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Vedtak av planprogram for kommunedelplan for naturmangfald

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i Alver kommune. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:

Handsaming:

Orientering til saka ved Mari Emilie Pettersen Hagenlund-rådgjevar Landbruk

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 138/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i Alver kommune. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

I sak 061/23 vedtok APM å legge planprogram for kommunedelplan for naturmangfald på høyring og offentlig ettersyn.

Eit planprogram skal visa formålet med planarbeidet og planprosessen med fristar og deltakarar og opplegg for medverknad.

Mål med planarbeidet:

- Planen skal gjere naturinformasjon meir tilgjengeleg for allmenta og forvaltninga.
- Planen skal synleggjere kva utfordringar kommunen har når det gjeld naturmangfald.
- Planen skal gje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.
- Planen skal synleggjere kunnskapshol og peike på område der oppdatert kunnskap er nødvendig.
- Peike på strategiar for ivaretaking av naturmangfaldet i kommunen

For meir informasjon om prosess og kva planen skal innhalda sjå vedlagt planprogram.

Det er APM som er styringsgruppe for planarbeidet og planprogrammet skal fastsetjast av kommunestyre.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Alver kommune har rike naturverdiar og store variasjonar i naturmangfald.

Naturmangfald er definert som biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald. Det vil sei at naturmangfald er summen av mangfaldet i naturen og prosessane i økosystema dei lever i.

Eit av dei viktigaste måla med utarbeiding av planen er å auke kompetansen om naturmangfaldet i kommunen og belyse kvar det er kunnskapshol. Vidare er eit viktig mål å sikre at det ikkje skjer ei forringing av naturmangfald i kommunen og å belyse moglege tiltak for å betre forholda for naturmangfaldet.

Naturmangfald er ein viktig del av vurderingane knytt til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. (KPA) For å kunne gjere vurderingar knytt til arealendringar i KPA er vi avhengige av oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald. Det er difor rett tid for Alver å starte opp arbeidet med denne planen nå, slik at dette går parallelt med arbeidet med KPA.

Kommunedelplanen vil ha temakartlag for naturmangfald som skal synleggjere kva areal som er prioriterte område for naturmangfald. Temakartet vil vere kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Sakshistorikk

APM- 061/23 Vedtak: Areal, plan og miljø (APM) vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for Naturmangfald i Alver kommune, og at det samstundes vert lagt ut planprogram for planen til offentlig høyring og ettersyn i minimum 6. veker. Heimel: plan og bygningslova kap. 11 &11-13.

Partar

Kommunedelplan for naturmangfald for Alver kommune skal utarbeidast i samsvar med plan-og bygningslova.

Det er laga eit prosjektmandat for arbeidet med prosjektleiar og tverrfagleg prosjektgruppe.

Arbeidet vert tett knyta på det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Statsforvaltar vil vere ein samarbeidspart i arbeidet.

Vurdering:

Frist for å kome med innspel til planprogrammet var 04. 07. 2023. Det er kome inn 6. merknader til planen. *Sjå vedlagt merknadskjema.*

Vestland fylkeskommune er opptekne av at det må vere god og brei medverknad i planprosessen.

Interessegrupper må koblast tidleg på og dette må visast i planarbeidet.

Vestland fylkeskommune peiker på ei rekke kunnskapsgrunnlag og føringar som vil vere relevant i arbeidet med planen.

Statsforvaltar (STV) peiker på nokre tema som bør inkluderast i planarbeidet. Dei understrekar at kunnskapen som kjem fram i planarbeidet skal brukast i kommuneplanen sin arealdel. Statsforvalter peiker på at det er for lite synleggjort korleis vi skal involvere barn og unge i planarbeidet. Planprogrammet kunne vert tydlegare på medverknad.

STV vil gjere vere med i ressursgruppe i arbeidet.

Forum for natur og friluftsliv Hordaland er positive til planarbeidet og vil gjerne delta i referansegruppe. Dei peiker på at det vil vere behov for å gjere undersøkingar og at alt planarbeidet ikkje kan basere seg på kjent kunnskap.

Økonomiske konsekvensar

Alver kommune har fått tilskot på kr. 175 000,- frå Miljødirektoratet til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald i 2023. Midlane vert nytta til å frikjøpe interne ressursar i organisasjonen som skal prosjektleie arbeidet.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at kommunestyre vedtek planprogram for kommunedelplan for naturmangfald.

Merknadane som er kome inn i høyring og offentlig ettersyn vil vurdert i det vidare i planarbeidet.

Det vert laga ein handlingsplan som skal vere ein del av planarbeidet.

Det vert utarbeide eit notat for medverknad som vil følge det vidare planarbeidet.

Vedlegg i saken:

30.10.2023	Oppsummering av merknadar KDP NM	2008527
30.10.2023	Planprogram_naturmangfald 23.10.23	2008528

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-614
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
090/23	Alver formannskap	09.11.2023
199/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Sal av Dale Grendahus gbnr 472/6

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtar å selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag for 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 090/23 innstilling:

Alver kommunestyre vedtar å selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag for 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Alver kommunestyre har i sak 085/21 vedteke å avhende Dale Grendahus. Saka omhandlar direkte sal av eiegenomen til Dale Bygdelag og fastsetting av salssum.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Dale Grendahus har i lang tid vore leigd ut til Dale Bygdelag og Husflidlaget. I Radøy kommune vart det satt i gong ein prosess der målet var å avhende eiegenomen til Dale Bygdelag. Radøy kommune henta i 2019 inn ein takst på eiegenomen. Taksten var på 850 000 kr. Men salsprosessen stansa opp på grunn av kommunesamanslåinga samt at partane ikkje vart einige om salssum.

Våren 2023 vart kommunen kontakta av Dale Bygdelag. Bygdelaget hadde då fatta vedtak om at dei ønskte å kjøpe gbnr 472/6 frå kommunen. Skrivet frå Bygdelaget ligg som vedlegg til saka. Skrivet inneheld også historikken til Dale Grendahus og korleis bygget har vore brukt av Bygdelaget og andre.

Kommunedirektøren hadde den 13.09.23 møte med Bygdelaget. Bygdelaget meinte at taksten på eiegenomen er for høg. Taksten er basert på leigeinntekter, og bygdelaget meinte at det vart lagt til grunn for høge leigeinntekter. Kommunedirektøren har i ettertid henta inn ny takst korrigert for faktiske leigeinntekter. Revidert takst er på 300 000 kr.

Dale Bygdelag meinte vidare at det ikkje vert rett å selje til marknadspris når bygget skal seljast til eit bygdelag. Dei meiner at kommunen må vurdere denne salsprosessen opp mot liknande sal der gamle skulebygg har blitt selt til det lokale bygdelaget.

Vurderingsgrunnlag

Sal av kommunal eigedom skal følgje *Retningslinjer for sal av kommunal eigedom* vedteke 26.11.2020 av Alver kommunestyre. Kommunen må også følge EØS-reglar om offentleg støtte, Kjøpslova og anna relevant lovverk.

Vurdering:

I retningslinjene for sal av kommunal eigedom kan kommunen selje eigedomar direkte, men dei skal likevel seljast til marknadspris. Marknadspris vil i tilfella utan open bodrunde vere verditakst utarbeidd av uavhengig bygningssakskyndig (tidlegare takstmann).

Ei av årsakene til at kommunen skal selje til marknadspris er at sal av eigedom til aktørar som driv økonomisk verksemd blir omfatta av EØS-avtalen sitt forbod mot ulovleg statsstøtte. Men i dette tilfelle vil ikkje EØS-reglane vere til hinder ettersom Dale Bygdelag sin økonomiske verksemd er så lokal at den ikkje vil oppfylle vilkåra knytt til ulovleg statsstøtte i EØS-avtalen.

Andre moment kommunen må vurdere viss kommunen skal avvike frå sine eigne retningslinjer er presedens og likebehandling.

Kommunedirektøren har sjekka kva som er gjort i andre tilsvarande saker. I tillegg til dei fem skulebygga i tidlegare Radøy kommune som Bygdelaget nemner i sin søknad har det blitt selt to skulebygg i tidlegare Meland kommune: Gaustad skule i 2010 for 40 000 kr og Flatøy skule i 2018 for 40 000 kr. Det har dermed vore ein praksis for å selje gamle skuler til bygdelag under marknadspris i fleire av dei tidlegare kommunane.

Kommunedirektøren vurderer at det er eit svært avgrensa marknad som vil vere interessert i å kjøpe Dale Grendahus viss det blir lagt ut for sal på den opne marknaden. I dag er eigedomen regulert til offentleg/privat tenesteyting. Viss kommunen skal legge ut eigedomen for sal bør eigedomen omregulerast noko som vil vere utfordrande basert på eksisterande reguleringsplan for Fv. 565 Tolleshaug – Soltveit, med arm til Manger.

Vidare er det positivt at Bygdelaget får eigarskapen til bygget ettersom dei over lang tid har brukt huset til aktivitetar som er positive for bygdemiljøet.

Basert på dei tidlegare sala foreslår Kommunedirektøren ein salspris på 50 000 kr for Dale Grendahus, gbnr 472/6. Ettersom årsaka til at Dale Bygdelag får kjøpe eigedomen til ein lågare sum ein marknadspris er at eigedomen skal nyttast av bygda vil kommunen som ein del av salet krevje og få tinglyst forkjøpsrett på bygget til same pris viss Bygdelaget skulle ønskje å selje på eit tidspunkt.

Alternativ

Dale Bygdelag er også positive til å fortsette å leige grendahuset. Men Kommunedirektøren vurderer at dette ikkje er ønskjeleg for kommunen av økonomiske årsaker.

Alver kommune har ein god del utgifter til drift av Dale Grendahus fordi leigeinntektene ikkje dekker utgiftene våre. Kommunen får noko inntekter frå utleige til Husflidlaget, og sparar utgifter på at Dale bygdelag som vederlag for at dei får leige lokalane gjer mykje vedlikehald på dugnad, men samla sett hadde kommunen ein netto utgift på 50 000 kr i 2022. Det vil difor vere ønskeleg å selje bygget for å frigjere desse driftsmidlane til å kunne nyttast til andre kommunale bygg.

Radetiketter	2020	2021	2022	2023	Totalsum
ALVER KOMMUNE	3 712	3 717	4 467	4 213	16 110
BKK AS	1 351				1 351
HUSFLIDLAGET	-15 600	-15 600	-15 600	-13 000	-59 800
LINDÅS RØR OG SANITÆR AS				1 432	1 432
NGIR IKS	2 886	3 300	3 164	1 083	10 433
SAFE BRANNVERN AS	1 120		2 291		3 411
SOGNEKRAFT AS	19 709	37 077	56 481	36 189	149 456
STEVNEBØY BYGGEVARE AS				3 237	3 237
TELIA NORGE AS	762				762
Totalsum	13 940	28 494	50 803	33 154	126 391

Kommunedirektøren si tilråding

Alver kommune bør selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag. Salssum, basert på tidlegare sal av gamle skulebygg til bygdelag, er føreslått til 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eigedomen.

Kommunedirektøren reknar med at eigedommen er friteke for dokumentavgift, jf. Stortingets vedtak om dokumentavgift § 2A.

Vedlegg i saken:

09.11.2023	Takst	2017428
09.11.2023	Ønske om å overta Dale Grendahus	2017429
09.11.2023	Referat frå møte mellom Dale Bygdelag og Alver kommune vedrørende sal av Dale Grendahus	2017430

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-Q02
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.10.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
200/23	Alver kommunestyre	23.11.2023
037/23	Utval for næring, kultur og idrett	07.11.2023

Veglysnorm for Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» slik den ligg føre.

Utval for næring, kultur og idrett 07.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 037/23 innstilling:

Kommunestyret godkjenner «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Godkjenning av «Teknisk veglysnorm for Alver kommune».

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Veglys er eit eige fagområde innanfor elektro. Fagområdet har eit omfattande regelverk, nasjonale krav og normer. Det er derfor viktig å ha ein veglysnorm som angir krav og retningslinjer når ein skal handtere veglyssaker.

Dei fleste kommunar har ei eiga veglysnorm som styrande dokument. Ei slik norm har vore tema i dei tre tidlegare kommunane sidan før Alver kommune vart etablert. Alver kommune har difor, saman med innleigd konsulent, jobba med å få på plass ei eiga veglysnorm.

Denne norma er no klar for politisk godkjenning.

Behov

Kommunen har og vil få fleire nye veglysanlegg når Eviny om kort tid skal overføre eigarskapet for veglysanlegga over til kommunane og fylkeskommunen. I denne prosessen er vi i tett dialog med Vestland fylkeskommune si elektroavdeling, som og skal overta veglys på fylkesvegane.

Det vert bygd fleire nye veglysanlegg langs det kommunale vegnettet. Eksisterande veglysanlegg har i tillegg eit stort behov for oppgraderingar som kommunen må utbetra i åra som kjem.

I tillegg til kommunale prosjekt er det mange private aktørar som byggjer og oppgraderer veglys langs eksisterande vegar samt langs nytt vegnett ihht vedtekne reguleringsplanar. Ofte skal kommunen ta over drift og vedlikehald av vegane etterpå. Entreprenørar etterspør i den forbindelse ei kommunal teknisk veglysnorm, slik at dei veit kva retningslinjer dei kan forhalda seg til ved prosjektering av veglysanlegg.

Vurdering:

Kommunen har behov for eit styrande dokument for å sikre ei omforent utbygging av veglys. Veglysnorma skal vere ei rettleiing til entreprenørar, ei rettleiing til kommunen sin administrasjon samt sikre at drift- og vedlikehald på sikt vert standardisert og enklare. Ei veglysnorm vil sikre like føresetnader og same kvalitet på alle anlegg som blir bygd/som kommunen skal overta, samt sikre at både kommunen og private utbyggjarar etablerer veglysanlegg etter nasjonale krav og kommunen sine retningslinjer.

Kommunedirektøren foreslår at veglysnorma (og etter kvart vegnorma) blir innarbeida i kommuneplanens arealdel ved at føresegnene i arealdelen viser til desse normene.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at vedlagt «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» vert politisk godkjent som eit styrande dokument som skal nyttast ved all bygging og oppgradering av veglys i Alver kommune.

Mindre justeringar og oppdaterte krav kan endrast i norma utan ny politisk handsaming og godkjenning.

Vedlegg i saken:

31.10.2023 Teknisk veglysnorm for Alver kommune

2009056

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-122, TI-&37, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/23	Alver formannskap	09.11.2023
201/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2025 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterar prosjekt og satsingar til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025 -2028, slik det er lagt fram i saka.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 091/23 innstilling:

Alver kommune prioriterar prosjekt og satsingar til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025 -2028, slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune vil legge inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, denne gong for perioden 2025 –2028, og til dei tilhøyrande belønningsmidlane for 2024 og 2025.

Organisering, prinsipp og prosess for innspel av prosjekt til Miljøløftet vart gjennomgått som bakgrunn i sak KO-066/20 ([Vedlegg 1](#)).

Formannskapet vart som styringsgruppe orientert den 16. mars 2023 ([Vedlegg 2](#)) om moglege innspel i høve den årelege rulleringa av handlingsprogrammet i Miljøløftet, både for perioden 2025 – 2028 og generelt.

Denne saka skal til avgjerd i kommunestyret 23. nov. Med bakgrunn i det politiske vedtaket vil det bli utarbeidd og sendt inn nye prosjektark i Miljøløftet med frist 1. desember. Desse vert handtert og vurderte i den eksterne Miljøløft-organisasjonen i løpet av våren 2024, og tilrådde prosjekt der vert så lagt inn i framlegg til handlingsprogrammet for Miljøløftet 2025 -2028. Desse vert sendt inn med søknad om finansiering i Statsbudsjettet for 2025.

Bakgrunn

Alver kommune vedtok å vere med i Byvekstavtalen i februar 2020. Det er nullvekstmålet for personbiltrafikk

som ligg til grunn for avtalen. Gjennom avtalen vil kommunen i avtaleperioden fram til 2029 få kr 29,5 mill i snitt til gang- og sykkelvegprosjekt langs riksveg, fylkeskommunal veg eller kommunal veg (Statsbudsjettet, post 30). I tillegg får kommunen kr 2,46 mill (+ indeksregulering) per år i såkalla belønningsmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema.

I 2020 og 2021 melde Alver kommune inn følgande prosjekt for finansiering gjennom Miljøloftet:

- Fv 5308 Utbetring av Sagstadvegen, g/s-veg
- Fv 5476 Kvamsbrekko (- ferdig utført)
- Regionsenteret Knarvik, Kv 1023, Kv1056 (- ferdig utført)
- Regionsenteret Knarvik, gangveg mellom Helsehuset og Såtabu-området (- ferdig utført)
- Frekhaug, Mjåtveitvegen (- ferdig utført)

I sak 97/22 vedtok kommunestyret å melde inn følgande nye prosjekt til handlingsprogrammet for 2023 -2026:

- Fv 5474, Seim skule, fortau/trafikkisikring
- Fv 5456, Ostereidet, fortau/trafikkisikring i Lindsdalen

- Fv 5452, Leknes, fortau/trafikkisikring ved Eknes Karosseri
- Fv 5452, Apalen, fortau/trafikkisikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

Status er at ingen av desse prosjekta fekk finansiering i statsbudsjettet for 2023.

I sak 156/22 vedtok kommunestyret å melde inn følgande nye prosjekt til handlingsprogrammet for 2024 - 2027:

- Fv 565 Manger kyrkje – Hesthaugen, fortau,
- Fv 565 Alverstraumen, snuplass for buss, alt. rundkøyring Hilland,
- Knarvik, G/S-veggar i Knarvikplanen og ved Nh-hallen

Det er i statsbudsjettet for 2024 det blir avklart om desse prosjekta får finansiering.

Omtale av det einskilde prosjekt kan finnast på <https://miljoloftet.no/prosjekt/>, der ein kan klikke seg inn på Alver på kartet og vidare i dei ulike kartfesta prosjekta under der.

Prioritering av anleggsprosjekt (gang- og sykkelveg) 2025 -2028

Kommunedirektøren la fram ei portefølje av mogelege nye prosjekt i styringsgruppemøte 16. mars i år (Vedlegg 2). Vidare vart det her foreslege eit utdrag for over aktuelle prosjekt for gjennomføring og ei liste/utdrag over prosjekt for vidare utgreiing for seinare, mogeleg utbygging. Det er forventa at utgreiingsarbeidet vil dokumentere omfattande trong for reviderte eller nye reguleringsplanar.

Alle aktuelle prosjekt og prosessar, både pågåande og nye, må leggest inn på nytt i Miljøloftet sin årlege framlegg til handlingsprogram slik at denne er oppdatert i høve økonomi, framdrift og omtale på kvart enkelt prosjekt. Denne handlingsplanen utgjer den årlege søknaden til Staten for å få bevilga midlar i statsbudsjettet på det einskilde prosjekt til det påfølgande kostnadsåret.

Alver kommune har allereie ein vesentleg portefølje i Miljøloftet sitt handlingsprogram. Samstundes er det eit faktum at særleg kommunen, men også Vestland Fylkeskommune har avgrensa kapasitet til å følgje opp framdrifta i prosjekta, frå utgreiingar, regulering, grunnnavståingar, prosjektering og til ferdigstilte anlegg.

Kommunedirektøren tilrår derfor å nytte tilgjengeleg kapasitet til å sikre framdrift og ferdigstilling i allereie omsøkte prosjekt, framfor å legge inn nye byggeprosjekt i handlingsprogrammet. Unnatak er eit nytt prosjekt med forbetring av kollektivtrafikk situasjonen i Alverstraumen/Hilland. Når nytt vegstrekk er opna over Radøy og dagens lysregulerte bru vert erstatta av ny bru over Alverstraumen, vil ein sannsynlegvis ha ein forverra trafikk situasjon med auka biltrafikk her og innover til Knarvik, særleg morgon og ettermiddag.

Fylkeskommunen/Skyss har skissert ein mogeleg kollektivtrafikkforbetring her i form av vendesløyfe og oppstillingsplass/venteplass for bussar i krysset ved Alverstraumen kai. Denne løysinga kan forlenge

«bylinjene» til nordom brua og gje Alverstraumen /Hilland eit betre kollektivtilbod. Her kan også vere mogeleg å etablere innfartsparkering.

I handlingsprogrammet 2024 – 2027 ligg prosjektet Fv 565 Alverstraumen, snuplass for buss, alt. rundkøyring Hilland. Men slik Skyss ser det, er Hillandskrysset dårleg egna for utbygging med vendesløyfe/rundkøyring for buss. Fylkeskommunen tilrår at prosjektet her vert søkt overført frå Miljøløftprosjekt til ordinært trafikksikringsprosjekt hjå fylket. Kommunedirektøren er einig i denne prioriteringa, der prosjektet i Hillandkrysset vert erstatta av eit nytt prosjekt med vendesløyfe i krysset med Alverstraumen kai. Ein føresetnad er imidlertid at Hillandkrysset vert innmeld som trafikksikringsprosjekt til vegeigar Vestland Fylkeskommune.

Belønningsmidlar

I sak 156/22 vedtok kommunestyret å be om utbetaling av 4,1 mill frå Miljøløftet i form av belønningsmidlar til ei lang rekke mindre prosjekt og prosessar. Dei fleste av desse krev vesentleg innsats og oppfølging frå administrasjonen, noko ein ser er utfordrande kapasitetsmessig. Dette kjem i tillegg til dei reine utbyggingsprosjekta (post 30-midlar).

Per 1. nov vil det vere prioritert prosjekt for om lag 8 millionar i belønningsmidlar i perioden 2019 – 2024. For sikre kapasitet og gjennomføring av alle prosjekta i Miljøløftet, tilrår kommunedirektøren at det vert sett av kr 1,5 millionar årleg i belønningsmidlar til øyremerka prosjektressursar. Midlane blir brukt til ei konkret prosjektstilling i 3 år, i tillegg til å finansiere bistand frå ressurspersonar i administrasjonen elles. Kostnaden på kr 4,5 mill blir søkt om frå belønningsmidlar i 2024 og 2025.

Samandrag, - tilråding frå kommunedirektøren

Til handlingsprogrammet for 2025-28 tilrår kommunedirektøren at Alver kommune legg inn oppdaterte og reviderte prosjekt for:

- Fv 5308 Utbetring av Sagstadvegen, g/s-veg
- Fv 5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv 5456, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen

- Fv 5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv 5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen.
- Fv 565, Manger kyrkje – Hesthaugen, fortau, bygging,
- Knarvik, G/S-vegar i Knarvikplanen og ved Nh-hallen

Fv 565 Alverstraumen, snuplass for buss, alt. rundkøyring Hilland, utgår og vert erstatta av innmelding av behov for trafikksikring med fylkeskommunale midlar i dette krysset.

- Nytt prosjekt: Fv565 Snuplass for buss ved kryss Alverstraumen kai

Det vert vidare søkt om kr 4,5 mill fordelt over 3 år i form av belønningsmidlar til dekning av kostnader med prosjektstilling og administrasjonskostnader elles, for gjennomføring av prosjekt og prosessar i Miljøløft.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

26.06.2020	Byvekstavtalen – handsaming av Miljøløftet sitt handlingsprogram 2021 – 2024	1400432
04.06.2020	Miljøløftet - Handlingsprogram 2021-2024	1400414

04.06.2020	Vedlegg 2_prosjektark Knarvik_gangveg helsehus - såtabu	1400415
04.06.2020	Vedlegg 3_prosjektark Knarvik, gang- og sykkelveg og turveg	1400416
04.06.2020	Vedlegg 4_ prosjektark Kvamsbrekko	1400417
04.06.2020	Vedlegg 5_prosjektark Flatøy	1400418
04.06.2020	Vedlegg 6_prosjektark Mjåtveitvegen	1400419
04.06.2020	Vedlegg 7_referat fra møtet i styringsgruppen 240420	1400420
04.06.2020	Vedlegg 8_aktuelle prosjekt i avtaleperioden	1400421
02.11.2023	Miljøløftet skisse av mogeleg terminalløysing i Alverstraumen	2014401
09.11.2023	Strategi- og prioriteringsdokument_styringsgruppemøte 16.03.23 ae	2017427

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-070, HistSak-14/3282
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/23	Alver formannskap	09.11.2023
202/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 094/23 innstilling:

Alver kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune har ynskje om å formalisere samarbeide mellom organa. Det har difor vore dialog frå vinteren 2023, om å få på plass ei samarbeidsavtale. Under vegs har det vore drøfta fleire punkt, men saman har vi konkludert med å leggje fram felles forslag.

Vurdering:

Formålet med avtalen er å sikre at samarbeidet har gode rammer, og at oppgåver vert løyst på ei føreseieleg og effektiv måte. Det vert difor etablert ei avtale som skal syne korleis samarbeidet skal vere og fordeling av sentrale oppgåver og ansvar.

Avtalen bygger på oppgåvefordelinga gitt i lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Den seier mellom anna at «Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg.».

Avtalen skal ikkje gje rettar og pliktar utover det som er intensjonen ved kyrkjelova og fordelinga i oppgåvene mellom fellesrådet og kommunen. Avtalen viser korleis vi skal samarbeide innanfor mellom anna økonomi/budsjett, vintervedlikehald, gravplassar, kontaktpunkt og samarbeidsmøte.

Vedlegg i saken:

02.11.2023 Samarbeidsavtale mellom fellesrådet og kommunen 2014377

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-080
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 10.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Valnemnda	
203/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Søknad om fritak frå politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Silje Nordal innvilgast fritak frå alle politiske verv frå dags dato og til og med 15.07.24
Som nytt medlem i Utval for næring og drift veljast:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Silje Nordal har i e-post, datert 6.12.23, søkt fritak frå alle politiske verv til og med 15.07.24:

Hei igjen, og takk for hjelpen!

Vedlagt ligger dokumentasjon på studieopphold. Permisjon søkes til 15.07.24.

*Beste hilsen,
Silje*

Vurdering

Lova seier at en person kan søke seg friteke frå vervet, midlertidig eller for resten av valperioden, dersom den folkevalde ikkje kan ivareta vervet utan vesentleg ulempe. Kommunestyret skal normalt leggje vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent før den folkevalgte samtykka i å verte vald. Å ikkje kunne ta studie i utlandet, kan sjåast på som vesentleg ulempe, sjølv om plass vart gitt i april 2023.

I permisjonstida til Nordal, kan kommunestyret velje settemedlem frå same liste som Nordal tilhøyrar. I kommunestyret er det automatisk opprykk.

Frå rettleiar konstituerande møte (H-2545 N):

9.2 Val av setjemedlem

Nytt i kommunelova er ei ny eigen føresegn om setjemedlemer i § 7-11. Føresegna gir ein samla regulering av val av setjemedlemer med fleire endringar frå den tidlegare regelen i kommunelova § 7-10 andre ledd.

Ny § 7-11 fastsett at dersom ein folkevald i eit anna organ enn kommunestyret eller direkte valde kommunedelsutval har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein setjemedlem i den perioden. Føresegna presiserer at det òg kan veljast setjemedlem viss det er gitt eit tidsbestemt fritak som ein antek vil vare meir enn tre månader.

Det er ikkje lenger eit krav at kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av setjemedlem. Det vil seie at kommunane no har større fridom til å bestemme sjølv kven som skal veljast som setjemedlem. Regelen er at ein setjemedlem skal bli valt frå den same gruppa som medlemen som har blitt fritatt høyrde til. Gruppa skal sjølv føreslå kven som skal bli vald og informere kommunestyret om dette. Kommunestyret skal velje denne kandidaten, så fram lovkrava for å velje denne personen elles er oppfylt. Det er dei vanlege reglane om valbarheit som gjeld for setjemedlemer. Det er ikkje eit krav om å sjå på kjønnsbalansen når det skal veljast ein setjemedlem

Kommunelova:

§ 7-9. Uttreden og fritak

.....Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over

§ 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

.....Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter femte ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Silje Nordal, - Høgre, har fylgjande verv i Alver:

Medlem:

- Kommunestyret
- Utval for næringsutvikling og drift

Vedlegg:

Ikkje vedlagt: dokumentasjon på tildelt studieplass

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
204/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Melding/orientering til kommunestyret 23.11.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Meldingar- vedlagt:

- Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 05.06.2023
- Protokoll frå representantskapsmøte 15.09.2023 IKAH IKS
- Vedtak – gbnr 325/161 og 325/167 m.fl.klage på reguleringsplan for Fossesjøen
- Protokoll Regionrådet 03.11.2023

Vedlegg i saken:

15.11.2023	Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5.juni 2023	2019244
15.11.2023	Signert protokoll frå representantskapsmøte 15.september 2023	2019246
15.11.2023	Vedtak - gbnr. 325161 og 325167 m.fl. - klage på reguleringsplan for Fossesjøen	2019247
13.11.2023	Protokoll 4-2023 Regionrådet Nordhordland fredag 3. november	2018469
13.11.2023	Protokoll Regionrådet 4-2023, 3. november	2018470
13.11.2023	Sak 31-23. Regionrådet og RNI - perioden 2019-2023	2018471
13.11.2023	Sak 33-23. E39 Vågsbotn-Klauvaneset - Atle Kvamme	2018472
13.11.2023	Sak 34-23. Nordhordland legevakt 03.11.23	2018473
13.11.2023	Sak 38-23. Orienteringsaker	2018474

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033, HistSak-14/3748
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
205/23	Alver kommunestyre	23.11.2023

Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 23.11.2023

Vedlegg i saken:

16.11.2023	Skriftlig spørsmål til kommunestyre 15.08	Nina Øvreås	2020187
16.11.2023	Spørsmål kommunestyret 23.11.2023	Nils Marton	2018774
	Aadland		
16.11.2023	Interpellasjon Solidaritet med det palestinske folket		2018776